


Øy Nytt




Kyrkjeblad for Øygarden




*Frå forbønshandlinga
under konfirmasjonsdagen
i Hjelme 6. mai.
Foto: Ingebjørg Martinussen*

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Utdrag frå årsmeldinga for 2011	Side 5
Helgetur med barnekantoriet	Side 6
Konfirmantbilette frå Blomvåg og Hjelme	Side 7
Pinseandakt	Side 8





Helgetorsdag og Pinse:

Sjøsetjing og utrustning

Då eg var gut vandra far min og eg ofte langs kaiane i Bergen, tok bilete av og let oss fascinera av båtane som gjesta byen. For ein liten gut var det mykje å halde styr på: Dei mange namn, rederi, skorsteinsmerke, kor båtane kom frå, kor dei skulle osb. Og-skipstypar! Særleg appellerte dei fine «linjeskipa» til meg, altså handels-skip i faste rutar på t.d. Sør- og Nord-Amerika, Afrika og Østen. Og ikkje minst byen sine eigne, som de ifrå Westfal-Larsen og Mowinckel. Men dei aller mest fascinerande var kanskje dei frå Noreg sitt største rederi!

– «Ho kan ta 12 passasjerar», sa far min, som ein dag på seint 50-tal peikte på Wilhelmsen sin flotte «Thalatta» som låg ved Dokkeskjærskaien. Eg har drøymd om ein tur med ein slik båt sidan.

Men vi var óg på «stabelavløping» av skip på BMV (Bergens Mekaniske Verksteder) i Solheimsviken som saman med BMV Laksevåg var den største industriarbeidsplassen i Bergen.

Etter sjøsetjinga vart skroget «forhalt» til utrustningskaien like ved. Sjølv om BMV er «long gone» og dette industriområdet er i rask omforming, er biletet med første delen av eit skip sin ferd verdt å ta med seg denne Helge-torsdagen (17.mai) og innfor Pinse-høgtida. For frå gamalt av har skipet vore eit bilete på Jesu Kristi Kyrkje. Men difor óg på den einskilde av oss sin ferd.

Vi kunne seia det slik at Det Heilage Dåpssakramentet er «sjøsetjinga» i kristenlivet. Dette kjem fint fram i Titusbrevet kap.3, 4-7:

«...det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elskar menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam...»

ved badet som gjenföder og fornyar ved Den Heilage Ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von.»

Ein viktig del av Skrifta si undervisning om den kristne dåpen!

Men som med eit vanleg skip som må utrustast, slik at det er mogleg å bu - og arbeide om bord, og ikkje minst at farkosten skal sigla trygt: Gåva me fekk i dåpens bad må takast i bruk. Sagt med etisk forteikn:

Me må leva i det dåpen gjev oss. Som kristne. Slik den apostoliske undervisninga fortel oss. Ikkje lett! Men Kristus er med sin Ande!

Her er det at Evangeliet på denne Helgetorsdagen kjem oss til hjelp:
– «Eg sender over dykk det som Far min har lova... de blir kledde med kraft frå det høge.» (Luk. 24,49)

I «bind 2» av Lukas sitt Evangelium får vi høyre meir: «...når Den Heilage Ande kjem over dykk, får de kraft, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og alt til heimsens endar.»(Apg.1,8)

Utan utrustning ingen seilas

Det går ikkje an å vera truande utan å vera døypt. Og motsett gjeld det at utan trua er dåpen berre vatn. Og utan Heilaganden si kraft vert det ikkje noko kristent liv.

Kva skal me gjera?

Lat oss ta med oss Helgetorsdagen sitt Evangelium innfor denne Pinsehøgtida. Lat oss gjerne gå ned på kne i bøn, og be den gamle kyrkje- og ordinasjonsbøna-og salmen Veni Sancte Spiritus:

Kom, Heilag Ande, Kristi tolk,
Fyll hjarta hjå ditt kristenfolk!
Lat oss din eld i hugen få,
Så vi av kjærleik brenne må!
Dei skilde tungar einar du,
og samlar i den same tru
all verdens mange folkeslag.
Dei syng di ære natt og dag.
Halleluja, halleluja.
(NoS 207)

God gamaldags Pinse, altså.
God-Pinsti!

sokneprest@kyrkja.net



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik
I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter,
Hogne Berland og Anders Vik
Kontingent: Min. kr 125,- innan kommunen
Min. kr 175,- utanom kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonr.: 3628.07.02557
Trykk: Bodoni
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kontor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kontor@kyrkja.net

Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland
E-post: pedagog@kyrkja.net
Telefon: 9868 3424

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Björg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjeverje:

Olav Martin Vik
E-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/9326 4400

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amenia 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

Råda:

Øygarden sokneråd og
Øygarden kyrkjelege fellelråd:
Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.

Frist for stoff til nr 4/12 er 15. aug.



Jeg er din, o Jesus

1. Du som bryter lenker, løser
trellers bånd. Du som frihet
skjenker ved din Hellig Ånd.
Frem til deg jeg trenger fra mitt
fengsel ut. Ingen slave lenger, men
et barn av Gud

Refr:

Jeg er din, o Jesus. Jeg er din, bare
din. Kjøpt til din å være. Helt og
holdent din.

2. Glad i lys å vandre hvor enn
veien går. Selv et lys for andre,
det er gode kår.
Og i hellig smykke Gå ham ganske
nær. Det er livets lykke for hans
unge hær

3. Til det mørke fengsel aldri mer
jeg går. Hjertets dype lengsel til
din himmel står.
Glad jeg til de andre roper det jeg
kan: Kom med oss å vandre til det
lyse land!

Denne songen song eg for bestefar min
då eg var ung gut. Etter eg blei vaksen
og tok imot Jesus i livet mitt, tok eg
songen fram igjen og no syng eg enno
høgare: Glad i lys å vandre hvor enn
veien går. Selv et lys for andre, det er
gode kår.

Personar på Torsvik har fortalt meg
at dei hørte bestefar min når dei gjekk
forbi huset hans. Han ba for sin kjære
og nevnte dei med navn. Eg trur eg var
med på bønelista hans, men han fekk
nok ikkje oppleva å få svar på alle sine

bøner. I dag trur eg dei fleste er komen
med på himmelvegen, så me har ein
viktig arv å bringe vidare til dei som
kjem etter oss. Lære dei å be for sine
kjære, slekt og venner.

Eg håpar mange i Øygarden vil bli
velsigna av denne songen, så dei kan
syngje med i det fine koret: *Jeg er din
o Jesus, jeg er din, bare din. Kjøpt til
din å være. Helt og holdent din!*

*Til neste ØyNytt utfordrar eg
Egil Martinussen i Knappen på Vik.*

Eldretur

Eldretreffa i Blomvåg og Hjelme sokn,
inviterer til den årlege sommarturen.

Du er velkommen til å vera med

Turen går til Tysnes, Haaheim Gaard
og kyrkjebesøk i Onarheim kyrkje.

Dato: Måndag 11. juni

Påmelding til kyrkjekontoret
innan 4. juni. Tlf. 5638 2240



Gamalt bilete frå Øygarden

5./6. kl 1977/78 på
Bakken skule på skitur
i «markja» på Hellesøy.

Frå venstre: Trond Semshaug, Jarle Hatten,
Sissel Irene Eilertsen, Martha Fjeldstad,
Siv Breivik, Torild Knappen, Arve Hellesøy,
Bjarte Hetlevik, Sissel Merete Dāvøy,
Nina Odland, Kari Sandøy, Grete Dāvøy,
Åge Nordvik
Bak kamera: lærar Mikael Tangen



NORMISJON I FOKUS I BLOMVÅG

I samband med regionsårsmøte for Normisjon i Foldnes kyrkje, tok Svein Granerud del som predikant på gudstenesta i Blomvåg 15. april. Han preika over dagens tekst som var henta frå Joh. 21, 15-19.

Det var tekstlesing og innlegg frå Mali-misjonærane Jan og Elisabeth Sanden. Foreiningsdamene laga kyrkjekaffi, og mange frå forsamlinga var med på denne.



På bildet ser vi familien Sanden saman med dagens predikant, Svein Granerud frå Normisjon.

NAUTNES - SAMLINGSSTAD FOR MISJONSFOLKET I NORDRE ØYGARDEN

Nautnes bedehus har dei siste 4-5 åra vore samlingsstad for fellesmøte for misjonsfolket i nordre Øygarden. Dette er det eldste bedehuset i regionen og ligg sentralt til for slike møte. Bibeltimehaldarar frå fleire misjonslag har vore brukt i desse samlingane.

ØyNytt var til stades på ei samling i april der Karl Johan Hallaråker var bibeltimehaldar.

Han presenterte to tema denne kvelden:

1. «Eg trur på Den heilage Ande» – eit tema som hadde med Gudsforståing og bibelsyn å gjera. Kven er Gud? Gudsforståinga er eit viktig tidsbarometer. Skal vi forstå Islam, må vi m.a. veta kva gudsforståing dei har. Dei kan m.a. ikkje nemna seg som Guds barn, for dei trur ikkje at Gud (Allah) har barn.
2. «Er samvitet verneverdig?» Her aktualiserte han på verdispørsmål i kyrkje/bedehus og elles i samfunnet. Det mest brennbare spørsmålet i denne samanhengen no er reservasjonsretten for helsepersonell. Det kristne menneskesynet set mennesket som unikt. Samvitet er vår dyrebare skatt som ikkje må krenkast!

Tradisjonen tru vart det for dei 30 framømte servert god kveldsmat, der drøsen gjekk friskt rundt borda.



-din el-kontakt

VESTGAR  ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektro.no

www.vestgarelektro.no

Øygarden kyrkjelege fellesråd har godkjent rekneskapen for 2011, med eit meirforbruk på kr. 64.835,00. Meirforbruket er dekkja av tidlegare avsetnader.

Fellesrådet sitt budsjettet for 2012 er stramt, men rekneskapsrapporten for april viser at verksemda er i balanse i høve budsjett for 2012. Budsjettet dekkjer mellom anna alt arbeid som vert drive av barne- og ungdomskonsulenten og teamet.

Soknerådet har gjort vedtak om å yta ein eingongsstønad på kr 5000 til Skulelaget på Øygarden ungdomsskule. Mellom 30 og 60 elevlar møtest kvar torsdag i regi av skulelaget.

Referat frå årsmøte 2012 i Hjelme og Blomvåg sokn

Dato: Søndag 22. april 2012

Stad: Hjelme kyrkje, etter gudstenesta.

Tal frammøtte: 28 (inkl. 6 frå soknerådet)

Staben: 6 (inkl. presten)

Leiar: Erling Vik, leiar i Øygarden sokneråd/Fellesrådet leia møtet.

Referent: Kyrkjeverje Olav Martin Vik

Det var korte presentasjonar/innleiingar/utdrag frå årsmeldinga/arbeidet ved:

- Leiar i Fellesrådet/Soknerådet Erling Vik
- Barne- og ungdomskonsulent Hogne Berland
- Kantor Anne Lise Grøm
- Diakonimedarbeidar Bjørg Blom
- Kyrkjeverje Olav Martin Vik

Årsmeldingar Øygarden kyrkjelege fellesråd

Det vert vist til merknader/kommentarar under sak 4.

På spørsmål orienterte kyrkjeverja om ny gravplass i Hjelme. Saka ligg hos kommunen. Det ligg føre eit utkast/skisse for ny gravplass i Hjelme. Kyrkjeverja meiner at ny gravplass må vera ferdig i 2013/2014.

Kyrkjeverja vil og be kommunen vurdere areal for ny gravplass i Blomvåg. Slike prosessar tek tid.

Samtale om arbeidet med basis i årsmøtesakene

Merknadar/kommentarar:

- Ros (tak) til barne- og ungdomsarbeidet i regi av kyrkja, og ros for arbeidet generelt.
- Ros (tak) til arbeidet med og mellom konfirmantane.
- Takk til frivillige, også dei som tek ansvar for barnesamlingar i gudstenestene.
- Tilbod (som t.d. Alpha-kurs) til/for aldersgruppa mellom unge og eldre.
- Små bibelgrupper vart nemnd som eit aktuelt tilbod.
- Årsmeldinga kunne med fordel vore utsendt før årsmøtet slik at ein betre kunne sett seg inn i innhaldet.
- Inkludera born og unge meir i sjøve gudstenesteopplegget, dersom gudstenesta er basis for arbeidet.
- I innleiinga til Hogne Berland peika han på at gruppa over 18 år og tilbod til dei, like eins at ein ikkje alltid har gode svar på kva som kan vera tenleg for å nå born og unge i Øygarden.
- Det var etterlyst tiltak for å inkludera innvandrarar/flyktningar som busett seg i kommunen.
- Invitera folk til kyrkja og ta godt imot «framande» som kjem til kyrkja.
- Det vart ytra ynskje om kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene.

NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Behov for gravplassar i Øygarden kommune

Kyrkjeverja i Øygarden har ovanfor kommunen peika på behovet for å finna areal til ny gravplass i Blomvåg sokn. Det tek omtrent 10 år frå ein startar arbeidet med å finna eigna område til ein gravplass er ferdig bygd. Kyrkjeverja meiner at område for ny gravplass i Blomvåg sokn må inn i den nye kommuneplanen sin arealdel. Ny gravplass i Hjelme er under detaljplanlegging. Kyrkjeverja meiner at gravplassen bør stå ferdig ved årsskiftet 2013/2014. Det er ikkje akutt mangel på graver men kyrkjeverja kan ikkje tilrå at tida vert knapp fram mot behov for nye graver. Det siste feltet på eksisterande gravplass er teken i bruk. Kyrkjeverja tilrår ikkje etappevis utbygging av ein ny gravplass. Ein må unngå at området vert ein byggeplass over lengre tid. Det er ikkje løyvd midlar til ny gravplass.

Gravminne som sig og står skeivt

Nokre stadar sig gravminne skeive som følgje av at grunnen gir etter. Dette ser ikkje pent ut. Utpå hausten vil me prøva å retta opp gravminne som har sige mykje. Litt variasjon vert det etter mange år og me kan ikkje retta på mindre avvik.

Om arbeidet i soknet

Arbeidet har gått på det jamne og etter planar for dei ulike områda. Det er utarbeidd egne årsrapportar/årsmeldingar for barne- og ungdomsarbeidet, diakoniarbeidet og frå kantor, arbeid som er under soknerådet sitt ansvarsområde. Det er også utarbeidd statistikkar som fortel om framferte og deltaking på dei ulike aktivitetane. Det er viktig å presisera at kyrkja sine tilsette deltek på aktivitetar som ikkje vert statistikkført. Samla sett vert det gjort mykje godt arbeid for alle aldersgrupper i soknet, ikkje minst av frivillige medarbeidarar. Barne- og ungdomskonsulenten er avgjerande for konfirmantarbeidet og arbeidet mellom born og unge generelt. Teamet er viktig ressurs for kyrkja og for aktivitetar som ein samarbeidar med andre om i kommunen. Å få ungdomar til å ta denne oppgåva er ikkje sjølvagt og det er noko som må arbeidast med. Diakoniarbeidet er og i positiv utvikling. Eldretreffa er viktig møteplass og det same gjeld samlingane på Tednebakkane som presten har ansvar for.

Litt meir spesifikt om arbeidet

Når det gjeld frammøtte på gudstenestene så ligg det på det jamne, men ser ein tilbake fleire år så er det færre som går til gudsteneste. Tal på døypte ligg stabilt sett i høve til tidlegare år.

Det er vel verdt å merka seg at leirane på Skjergardsheimen er godt besøkte, det er starta bibelgrupper for unge, m.a. guttebibelgrupper, laga rundt i kommunen vert besøkt og det vert delt ut materiell til born og familiar med små born som ein del av trusopplæringsarbeidet. Det vart gjennomført dåpsskule i februar og mars.

Konfirmantarbeidet er omfattande. 52 av 61 9. klassingar deltek på konfirmantopplegget. Elles er medarbeidarane våre med på KRIK, Ichtys, Skulelaget og Pluss-Klubben på Oen bedehus. Det er eit godt samarbeid mellom kyrkja, skulane og barnehagane. Vår kantor driv barnekor som ein må sjå som ein del av trusopplæringa. Det same gjeld Gospel teens som Oaug Rong har ansvaret for. Kantor har også ansvaret for Øygardskoret.

Diakoniarbeidet er krevjande men i positiv utvikling. Bjørg Blom, vår diakonimedarbeidar er fast med på eldretreffa. Ho er også no med i prostiet sitt diakoniutval. Det vert gitt tilbod om samlivskurs, sorggrupper og temakvelder med aktuelt innhald.

Kyrkjer, gravplassar, anlegg og utstyr

Det går føre seg eit jamt vedlikehald av bygningar og kyrkjegardar innanfor Fellesrådet sine budsjettammer. Kyrkjene er i hovudsak i god stand etter utført vedlikehaldsarbeid i 2010 og 2011. Gravplassane er velstelte og i god stand. Likevel dukkar det heile tida opp behov for utbeting som følgje av slitasje og alder. Utstyr og maskiner må fungera til ei kvar tid. Det trengst ei større overhaling etter kvart på ein del av utstyret.

Hjelme kyrkje

2011 vart det utført eit større vedlikehaldsarbeid på Hjelme kyrkje. Dette omfattar skifting av vindauge, nytt golvbelegg i hovudsal, kyrkjelydssal og sakristi, ny løpar, nye stolar og bord. I tillegg er orgelet gjort reint. Hjelme kyrkje var i 2011 40 år. Dette vart markert søndag 30. oktober då kyrkja kunne takast i bruk att etter vedlikehaldsarbeidet.

Ny gravplass i Hjelme

Kommunestyret i Øygarden har sett av midlar til planlegging av ny gravplass i Hjelme. Det er også sett av pengar til opparbeiding av ein mur mot fylkesvegen, som ein del av eit utbetningsarbeid av fylkesvegen. Muren skal plasserast inne på det siste feltet på eksisterande gravplass. Feltet kan først nyttast fullt ut når muren er bygd. Ved utgangen av 2011 tok ein i bruk dette siste feltet.

Takk

Soknerådet og ØKF vil takka alle samarbeidspartnarar, organisasjonar og frivillige medhjelparar for godt samarbeid og god innsats i vårt felles mål: Å bygga Guds kyrkje i Øygarden!

Sluttord

Alt kan ikkje nemnast i denne årsmeldinga. Soknerådet og ØKF viser til årsmeldingane/ rapportane som omhandlar dei enkelte tenestene. Der er det fleire detaljar. Oppsummert må me kunna seia at det vert drive eit omfattande arbeid innanfor dei ressursane som kyrkja i Øygarden har tilgjengeleg.

Me ynskjer å retta ei særskilt takk til dykk alle som legg ned eit omfattande dugnadsarbeid og stiller opp til ulike oppgåver og i ulike samanhengar kvar veke. Di teneste er viktig og me har plass til fleire frivillige, så berre meld deg til teneste. Lat oss også minnst Jesus sine egne ord i Joh. 14, 6. Jesus seier: «Eg er vegen sanninga og livet Ingen kjem til Far utan gjennom meg.» Erling Vik, leiar. Olav Martin Vik, kyrkjeverje
Heile årsmeldinga kan lesast på www.kyrkja.net

Barnekantoriet på helgetur

Tekst og foto: Anne Lise Grøm

Helga 13–15 april var barnekantoriet på tur til Dyrkolbotn leirstad i Lindås kommune. Ung Kirkesang Bjørgvin arrangerte det årlege vartreffet for barnekor her i år for rundt 100 barn. I løpet av helga song me mykje saman og leiken og praten gjekk i alle pausane. Me synest det er kjekt å få høve til å treffa andre barnekor frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Nokre frå koret vårt treffe ganske raskt gamle kjente frå andre kor og praten gjekk livleg. Det var ganske mykje vart snø der oppe så det vart mest inneaktivitetar. Laurdagskvelden var det underhaldning og mange morosame innslag i tillegg til mange korsongar både frå Øygarden og frå dei andre kora. Søndag vart avslutta med gudsteneste på leirstaden med songar og liturgi som kora hadde øvd inn under korøvingane fredag og laurdag. Ein triveleg tur for store og små!

Bilde 1: Frå avslutningsgudstenesta

Bilde 2: Gutteketet øver

Bilde 3: Øving med alle barna



Søndagsskulen på Tjeldstø

Tekst: Hogne Berland Foto: Bente Kristin Vollen Skjold

Annankvar søndag kl. 12 er det søndagsskule på bedehuset på Tjeldstø! Då samlast mellom 10 og 20 ivrige born for å få med seg dagens bibelforteljing og ha det kjekt i lag. I dag er temaet Den Heilage Ande og borna får med seg forteljinga om den første pinsedagen då disiplane fekk ildtunger over hovudet då dei fekk Den Heilage Ande. Dei er også veldig glad i å synge på Tjeldstø, så nokre songar vert det alltid tid til. Og borna fekk med seg både lystenning, leik i kjellaren og ein liten matbit før søndagsskuletimen var over for denne gong. Har du lyst å vera med på søndagsskulen?

Du er hjertelig velkommen!



Borna fekk også flammar over hovudet akkurat som disiplane!



Dagens søndagsskule vart avslutta med litt frukt i flammefargar.

VI GRATULERER KONFIRMANTANE VÅRE I 2012!



Blomvåg kyrkje 28. april

Framme frå venstre:

Ada Martine Fagerholt, Ingebjørg Martinussen (team), Iselin Toft (team), Sarah Elise Guntveit (team), Therese Dale (team), Alexander Theodor Thorsen.

Midten frå venstre:

Ruben Kallestad Heggøy, Marius Heimark, Christoffer-Magnus Malmedal Alden, Pauline Torsvik, Svenn Martinsen (sokneprest), Karoline Torsvik, Kristoffer Straume Lyslo, Kristoffer Rong.

Bak frå venstre:

Hogne Berland (konfirmanlærar), Martin Oen, Vilde Fjeldstad Widding, Martin Torsvik Kuven, Espen Rong, Camilla Blom, Robert Torsvik Jacobsen, Synnøve Olsen.

Blomvåg kyrkje 29. april

Framme frå venstre:

Anders Marius Skråmestø, Svenn Martinsen (sokneprest), Isabel Park Thomassen.

Midten frå venstre:

Sarah Elise Guntveit (team), Robin Grundvåg, Nina Marielle Lønøy, Marte Grundvåg Rong, Robert Egil Skråmestø, Therese Dale (team).

Bak frå venstre:

Iselin Toft (team), Ruben Steen Dale, Torger Toft Larssen, Hogne Berland (konfirmanlærar), Fredrik Engeberg Kuven, Aleksander Breivik, Ingebjørg Martinussen (team).



Blomvåg kyrkje 5. mai

Framme frå venstre:

Kjell Magnus Haugen Jonas, Kristine Helen Sætenes, Svenn Martinsen (sokneprest), Kristina Olsen Torsvik, Adrian Helland.

Midten frå venstre:

Ingrid Onstad, Malene Rong Dale, Madeleine Hjeltnes Magnesen, Anna Lena Misje Toftvåg, Ingrid Helen Borsholm Vik, Miriam Mee Torsvik.

Bak frå venstre:

Marcus Dale Rong, Iselin Toft (team), Hanne Ingebrigtsen, Sarah Elise Guntveit (team), Hogne Berland (konfirmanlærar), Therese Dale (team), Ingebjørg Martinussen (team), Thomas Lloyd.



Hjelme kyrkje 6. mai

Framme frå venstre:

Michell Skjold, Daniel Mehl, Svenn Martinsen (sokneprest), Hogne Berland (konfirmanlærar), Kristian Fjeldstad, Sonia Pedersen Bell.

Bak frå venstre:

Therese Dale (team), Iselin Toft (team), Sander Breivik, Endre Dāvøy, Anna-Magdalen Hellesund, Sunniva Busch Ullaug, Amalie Semshaug, Benedichte Alvheim, Ingebjørg Martinussen (team), Sarah Elise Guntveit (team).



Konfirmasjonsfest i Jerusalem

Av Rolf G. Heitmann, generalsekretær i Den Norske Israelsmisjon
Bibeltekst: Apostelgjerningane 2, 1-11

Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av ild, viste seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre tungemål etter som Anden gav dei å forkynna.

I Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen. Då dei høyrde denne lyden, samla det seg ei stor folkemengd, og det vart stor forvirring, for kvar og ein høyrde at det vart tala på hans eige mål. Reint frå seg av undring spurde dei: «Men er dei ikkje galilearar, alle desse som talar? Korleis går det så til at vi alle høyrer dei tala på vårt eige morsmål? Vi er partarar og medarar og elamittar, folk som har budd i Mesopotamia, Judea og Kappadokia, i Pontos og Asia, Frygia og Pamfylia, i Egypt og i områda ved Kyréne i Libya, vi er innflyttarar frå Roma, jødar og proselyttar, kretarar og arabarar – og vi høyrer dei tala om Guds storverk på våre eigne tungemål!»

Det var pinse før pinse, slik det var påske før påske. Våre kristne høgtider har sin bakgrunn i gamle jødiske og bibelske hendingar. Jødar feirar pinse til minne om at Gud slutta ei pakt med folket ved Sinai-fjellet og gjorde sin vilje kjend for dei; det vi ofte noko avgrensa kallar Dei ti boda. Det var ein slags ekteskapskontrakt der Gud lova å vera Gud for folket, og folket stadfesta sin status som Guds folk.

Vinden ula, fjellet rista og røyken steig då Gud tala til folket. Rabbinske fortolkarar seier at orda frå Gud kom som flammor som delte seg i 70 eldtunger; det symbolske talet for



folkeslaga på jorda. Lova og boda, pakta og lovnaden vart gitt til det jødiske folket, men samstundes var alt dette gyldig og avgjerande for heile verda. Difor fekk det utvalde Israel ordre om å vera lys for folkeslaga.

Pinse dag på Sionshøgda i Jerusalem over 1200 år seinare er ei stadfesting av dette. Igjen blæs vinden og jorda skjelv. Igjen kjem det ild frå himmelen, og apostlane talar slik at alle


frå fjern og nær høyrer og forstår på sitt eige språk det som blir sagt. Guds nærvere er sterkt og kan kjennast på gudsfolkets konfirmasjonsfest når Gud stadfestar sin truskapseid og sine lovnader. Ikkje rart at mange vart forvirra og spurde: Kva skal vi gjera? Svaret frå apostelen er like klårt som det er enkelt: Vend om og la dykk døypa i Jesu Kristi namn, så de får tilgiving for syndene og Den heilage andens gåve. Det er den rette pinsa.

I dag veks den kristne kyrkja meir enn nokon gong. Fornyingsrørsla frå pinsedagen har ikkje stagnert. Andens vind blæs. Ordet vert forkynt og høyrte på stadig nye språk. Menneske vert dregne inn i Guds kraftfelt. Også i Israel veks det fram ei ny og sterk rørsle av jødar som vedkjenner trua på Jesus som Messias. Gud har gitt seg sjølv til oss. Vi kan få overgi oss til han. (KPK)



Rolf Gunnar Heitmann

Eit verdig farvel - takk til alle som medverka



Gravferda til Alexander Dale Oen vart eit verdig farvel med ein stor idrettsutøvar og eit flott medmenneskje!

Saman med familie og kyrkja i Øygarden stod Øygarden kommune for den praktiske gjennomføringa av gravferda.

Øygarden kommune vil på denne måten retta ei stor takk til alle som medverka til dette.

Ei særskild takk til Alexander sin familie, kyrkja i Øygarden, Statoil Kollsnes, Turbuss Vest, Rong Brass, UL, Stølen og ikkje minst våre eigne tilsette som gjorde ein flott jobb i samband med gravferda.

Også ein stor takk til Christine Gulbrandsen og DDE for flott musikk i kyrkja!

Med venleg helsing

Otto Harkestad

Ordførar

Øygarden kommune

**Kjøp
kjapt,
trygt
og billig
KIWI mini
pris**

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20
Mand – fred kl.08.00 - 22:00
Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**

 **ØYGARDEN
BYGGSENTER**

 **TH
BHAS BYGG**

 **ØYGARDEN
BOLIGUTVIKLING**

Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09
Adr. Pålset, 5337 Rong
www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjoner og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 92 54 45 69

Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer
Rullestol

Mobil: 90 59 90 59



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

*Her er plass til
annonsering!*

Solstrand's Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrand.no

Vår erfaring - din trygghet

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045


Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

Tlf 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Stråume | samme hus som Ligningskontoret |



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

EUROSPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Velkommen til oss

Catering:

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltfallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidler blomster til innland og utland

Blomsterbua

Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA

trend frisør

RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar
Langope torsdag
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker

Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabollegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Øygarden hud & kroppspjele skifter navn til

Og har flyttet til Ågotnes helsehus.

Følg oss på facebook.

Velkommen til nye lokaler!

LT hudpleie

Tlf 5638 9515

• Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
• Moderne bilverksted m EU/kontroll
• Reparasjon av alle bilmerker
• V askehall
• Kaffiavtale
• Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus

B&M Bok&Media

Minibokhandel på kyrkjekontoret

Bok & Media* Vestbok
Vetrilidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

TIL LUKKE!



70 år

7. juni Norvald Harald Vik, Markja
1. juli Asbjørn Kjell Enehaug,
Nygardsvegen

75 år

7. juni Sverre Martin Knarvik,
Garnesvegen
13. juni Hans Andreas Sæle, Bruberget
15. juli Bjarne Sigurd Blom, Knarvikvegen
27. juli Eiliv Lønningen, Knappevegen
8. aug Oskar Dævøy, Harkestadvegen
12. aug Jon Johannes Johannessen Rong,
Øynesvegen
25. aug Arne Solberg, Breivikvegen

80 år

7. juni Godfred Moldøen, Osperhøyen
6. juli Reidar Norvald Skråmestø,
Råkebakkane
9. juli Asbjørg Oliva Blom, Høyen
22. juli Reidun Knarvik, Garnesvegen
23. juli Liv Dale, Stølsnesvegen
28. aug Olav Toft, Larsevegen

85 år

19. juni Kristi Marie Toftevåg,
Tjødnarvegen
26. juni Margot Mary Jakobsen, Pålset
29. juni Grethe Anny Rong, Svartevikvegen
30. juni Anny Andora Sæle, Tjødnarvegen
4. aug Ivan Arnold Helge Johansen,
Rossnesvegen
22. aug Dagny Alise Harkestad,
Tjødnarvegen

90 år

2. juli Fredrik Martin Karlsen Oen,
Særberget
27. aug Aslug Anny Monssen,
Tjødnarvegen

95 år

8. juli Lilly Sæle, Neshaugen

DØYPT

Blomvåg

- Mia Madelen Skulstad Edvardsen, Fjell
- Selma Oen Viksund, Lauet (Erdal kirke)
- Olivia Tomine Nordeng-Johansen,
Straumsdalen
- Theo Caspian Almeland Midthus,
Svarteviks
- Hedda Grimeland-Rong, Veslevarden
- William Isager, Vasskarhaugen
- Trym Are Jørgensen Knudsen,
Knappestien

Hjelme

- Nicolai Evanger Svanholm, Torsvikhøgda
- Lucas Oen Drange, Pålset
- Oskar Hennø, Straume

DØDE

Blomvåg

- Anton Monrad Toft, Tjødnarv, f. 1915
- Theodor Malvin Oen, Oen f. 1923
- Nils Sæle, Danmark f. 1948
- Adolf August Torsvik, Solbakkv f. 1926
- Johannes Håheim, Rong f. 1926
- Alexander Dale Oen, Oen f. 1985
- Mons Ingolf Mikkelsen, Fagerdalv. f. 1925
- Odd Kåre Haugetun, Rong f. 1923

Hjelme

- Birgitte Monsine Nordøy, Tjødnarv f. 1912
- Martha Ingrid Fjeldstad, Nystovev f. 1965
- Ruth Torhild Rivenes, Hellesøy f. 1946
- Magnus Sture, Tjødnarv f. 1933
- Gregorius Johan Lyngøy, Herdlevær, f. 1933

VIGDE

Blomvåg

- Agata Magdalena Rychcik
og Knut Øyvind Øyen Aare
- Hilde Pedersen og Audun Nøkland

Hjelme

- Lena Solvang Berntsen
og Jan Terje Berntsen

GUDSTENESTER

- 03.juni Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd
- 10.juni Pardalsmyra kl. 11:00**
Friluftsgudsteneste v/ S. Martinsen.
- 17.juni Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ E. Hjortland. Dåp. Nattverd.
- 24.juni Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Sverre Martinsen. Nattverd.
- 01.juli Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd
- 08.juli Blomvåg kyrkje kl. 18:00**
Gudsteneste v/ S. Martinsen. Nattverd
- 15.juli Hjelme kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd
- 05.aug Hjelme kyrkje kl. 18:00**
Gudsteneste v/ Helge Unneland. Nattverd
- 12.aug Vik bedehus kl. 17:00**
Gudsteneste v/ Helge Unneland.
Dåp. Nattverd
- 19.aug Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Sverre Martinsen. Jubileum
for 50års konfirmantar. Nattverd.
- 26.aug Hjelme Gamle Kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Sverre Martinsen. Jubileum
for 50års konfirmantar. Nattverd.
- 02.sept Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Høgmesse v/ Sverre Martinsen. Tale v/
Japan-misjonær frå NLM. Nattverd.

MISTET

Noen ganger mister vi en paraply eller en hanske. Andre ganger opplever vi å miste noe mye mer alvorlig. For disse tapene finnes Kirkens SOS, mennesker med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt når som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.

 **Kirkens SOS**

Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Tom
Wilson



Heine
Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Velkommen til Night of Worship

Fredag 1. juni kl. 20:00 i Kulturhuset
Lovsang - Andakt - Nattverd - Nattcafé
Arr: INRI




KONFIRMASJON 2012: LEGG DIN VEG I HERRENS HAND!

Denne setninga i overskrifta gjekk att i alle konfirmasjons-gudstenestene dette året. Eit nytt konfirmantår er til ende og 50 Øygardskonfirmantar har avslutta si konfirmasjonstid. I løpet av året har konfirmantane delteke på konfirmantundervisning, mange gudstenester og Ichtys og KRIK. I tillegg har dei fått med seg konfirmantleir på Sætervika Ungdomssenter i Samnanger. Nokon syns det vart lite med ein leir og har i tillegg reist på Ungdomsskuleleir på Skjergardsheimen og nyttårsleir i Sætervika igjen! Fleire av konfirmantane har også vore med i bibelgrupper og ønsker å halde fram med dette til neste år.

Tekst: Hogne Berland Foto: Ingebjørg Martinussen

Året vart avslutta med høgtidelege og flotte gudstenester som ei flott ramme rundt konfirmasjonshandlinga. Som vanleg var konfirman-tane fordelt på tre konfirmasjonsdagar i Blomvåg og ein i Hjelme. Kyrkjene var fulle av stolte foreldre, besteforeldre og fadrar. Nokre av konfirmantane var smånervøse over å vera midtpunktet på denne dagen, men kunne etterpå konstatere at dette kunne dei lett gjort ein gong til. Det skal dei få sleppe, men aktivitetane dei har vore med på i konfirmanttida kan dei heldigvis halde fram med også neste år og i åra framover. Gratulerer med overstått konfirmasjonsdag og lukke til på vegen vidare med Jesus! Sjå konfirmantbilder på midtsidene!



TAKK TIL TEAMET!

Dei fleste i Øygarden (i alle fall dei under 16 år!) har sikkert treft på dei fire blide jentene i løpet av det siste året. Dei har gjort ein einestående innsats som barne- og ungdomsarbeidarar i Øygarden og skal no vidare til nye

utfordringar. Vi veit at mange er takksame og har satt stor pris på arbeidet dei har gjort. På vegne av alle vil vi sei: TUSEN TAKK og lukke til vidare på vegen!